

PROTOKOLL FRÅ VALSTYRET I SJUKEHUSAPOTEKA Vest

Valstyret blei oppnemnd av styret i Sjukehusapoteka Vest HF i møte den 29.09.2020, og har hatt følgjande samansetning:

- leiar: Linda Baug Tjore
- nestleiar: Marit Ceselie Svendsen
- medlem: Berit Berntsen

Retningslinjer for gjennomføringa av valet

Valstyret vedtok følgjande retningslinjer for gjennomføring av val:

1. Alle kunngjeringar om valet skal skje elektronisk
2. Valet skal skje ved postsending
3. Valet skal skje den 27. januar 2021
4. Krav om forholdstalsval må vere valstyret i hende innan 16. desember 2020
5. Listeforslag må vere valstyret i hende innan 06. januar 2021
6. Plan og materiell for valet blir lagt fram for valstyret for godkjenning
7. Forskriftene skal vere tilgjengelege på nettsidene: www.helse-vest.no

Kunngjering om val av styremedlemmer valt av og blant dei tilsette til styret i Sjukehusapoteka Vest er utført i samsvar med valforskrifta og har skjedd elektronisk på nettet.

Krav om forholdstalsval blei rettidig motteke innan fristen den 16. desember 2020 frå Norges Farmaceutiske Forening (NFF) og Farmasiforbundet/Parat (FF/Parat), jf. forskrifta § 5 og § 10.

Kunngjering om forholdstalsval i Sjukehusapoteka vest er utført elektronisk innan fastsette fristar.

Lister

Følgjande valliste blei tatt i mot i samsvar med forskrifta, og innan forslagsfristen gjekk ut:

1. Hilde Fossmark Helvig, Sjukehusapoteket i Stavanger, Provisorfarmasøyt (kons. Avdelingsleder i SHE)
2. Ragnhild Winum, Sjukehusapoteket i Stavanger, Apotektekniiker
3. Marianne Saugestad, Sjukehusapoteket i Bergen, Provisorfarmasøyt(avdelingsleder)

Varamedlemmer

4. Siri B. Bjørhovde, Sjukehusapoteket i Haugesund, Provisorfarmasøyt
5. Marianne Heggø Hansen, sjukehusapoteket i Bergen, Kontrollfarmasøyt
6. Nina H. Haakonsen, Sjukehusapoteket i Bergen, Apotektekniiker
7. Espen Frøvold, Sjukehusapoteket i Bergen, Provisorfarmasøyt
8. Siri Utby, Sjukehusapoteket i Bergen, Sjukehusfarmasøyt'

Valstyret fekk tilsendt berre ei liste innan fristen.

Valet er gjennomført i samsvar med gjeldande forskrift § 10 siste ledd:

"Dersom det bare fremkommer ett forslag til liste, er de som er forslått på denne listen valgt i den rekkefølge de er foreslått. Dog gjelder § 9 åttende ledd tilsvarende."

Funksjonstid og møteplikt

Funksjonstida er to år, i samsvar med forskrifta § 12. Ny periode startar i februar 2021, med styremøte og felles styreseminar for føretaksgruppa.

Dersom eit styremedlem eller vararepresentant sluttar i føretaket, stoppar vervet. Medlem av styret har møteplikt med mindre han/ho har lovleg forfall.

Resultatet av valet går fram av denne protokollen. Resultatet av valet blir med dette omgåande meldt til leiinga og styret i Sjukehusapoteka Vest ved original signert protokoll. Valet vil også bli kunngjort på Sjukehusapoteka Vest sine nettsider saman med kunngjering om klagerett.

Det finst dokumentasjon for alle kunngjeringane som er nytta for helle prosessen.

Helseføretaka, Helse Vest IKT og Helse Vest RHF har samarbeidd om prosessen, slik som avtala på førehand.

Valstyret, 01. februar 2021



Linda Baug Tjore
Leiar



Berit Berntsen
Medlem



Marit Ceselie Svendsen
Nestleiar